

Respons

Vietnam: Tidlegare båtflyktingar

- Korleis vert tidlegare båtflyktingar tekne imot om dei returnerer til Vietnam no?

Bakgrunn

Etter Saigons fall og Vietnamkrigens slutt i 1975, flykta fleire hundre tusen vietnamesarar frå landet. Mange av desse reiste med båtar som korkje var laga for passasjertrafikk eller segling i ope hav. Andre vart frakta i store lasteskip organisert av menneskesmuglarar. Reisa var utrygg, og mange døydde på sjøen som følgje av piratangrep, dehydrering eller drukning (UNHCR 2000).

Nokre av båtflyktingane vart redda av utanlandske skip medan dei var til havs. Ifølgje NRK (Saugestad 2005) plukka norske skip opp nærare 6500 vietnamesiske flyktingar mellom 1975 og 1985. Av dei som greidde overfarten, hamna dei fleste i andre land i Sørøst-Asia, og derifrå vart mange busett i tredjeland som til dømes USA, Frankrike og Noreg. Den vietnamesiskætta befolkninga i Noreg i dag tel i underkant av 20 000 personar (SNL 2017).

Årsaka til at mange vietnamesarar flykta frå landet, var gjerne styresmaktene sine represalier mot personar som hadde delteke på den USA-støtta, antikommunistiske sida i krigen. Mellom anna vart meir enn ein million menneske sende i såkalla «re-education camps», der mange døydde og andre vart sittande til seint på 1980-talet (UNHCR 2000).

I 1986 innførte imidlertid den vietnamesiske regjeringa reformpolitikken *Doi Moi*, og etter kvart var det pragmatismen som skulle kome til å prege det vietnamesiske kommunistpartiet og den økonomiske politikken deira. Jordbruket vart avkollektivisert, tilhøva for private økonomiske initiativ vart letta og landet vart opna for internasjonal samhandel. Resultatet vart den «sosialistorienterte marknadsøkonomien» som gjer at landet no er prega av relativt stor økonomisk fridom, samstundes som den politiske kontrollen ligg udelt og udiskutabelt hjå Kommunistpartiet.

Retur til Vietnam i dag

Sidan 1990-talet har Vietnam vore prega av høg vekst i både befolkning, produksjon og økonomi. Frå å vere eit svært fattig land før *Doi Moi*, hadde Vietnam kring årtusenskiftet vorte

verdas nest største eksportør av ris, og landet opplevde ein økonomisk vekst som ikkje låg langt bak den som fann stad i Kina. Denne situasjonen har i det store og heile vart ved fram til i dag.

Generelt er det ikkje lenger forbunde med fare å vere tidlegare båtflyktning i Vietnam. Det vietnamesiske Kommunistpartiet, og dermed den vietnamesiske regjeringa, ser no krigen som eit tilbakelagt stadium i landet si historie. Medlemmer av den store vietnamesiske diasporaen (kjend som *Viet Kieu*) er stort sett velkomne attende, særleg viss dei kan bidra med investeringar eller anna økonomisk aktivitet. Mange eksil-vietnamesarar og/eller barna deira har reist attende til Vietnam og skapt seg eit livsgrunnlag i den ekspanderande økonomien der. Dei opplever at dei vert oppfatta som investorar og forretningsfolk, og at styresmaktene ikkje interesserer seg for den personlege bakgrunnen deira (sjå til dømes Peel 2015).

Unnataket er for personar som vert oppfatta som ein politisk trussel eller som «oppviglarar». Viss ein har vore høglydt i sin kritikk av Kommunistpartiet medan ein har budd i utlandet, vil ein kunne vente seg reaksjonar, utan at det er mogleg å føreseie presist kva desse vil vere. Det kan dreie seg om eit lengre intervju eller avhøyr ved innkomst, eller at ein kan verte nekta tilgang til riket. Alternativt kan ein kanskje verte innvilga innreise, men deretter verte pågripen og moglegvis også fengsla.

Reaksjonen vil vere avhengig av grad og type politisk engasjement. Det verste vil vere viss ein har vore involvert i Viet Tan, ei eksilopposisjonell gruppe som vietnamesiske styresmakter har klassifisert som ei «terrorgruppe» (sjå til dømes The Guardian 2016). Vietnam si straffelov (WorldLII u.å.) har nokre paragrafar som ofte vert nytta til å slå ned på politisk opposisjon, då særleg §79 om “activities aiming at overthrowing the people’s administration” og §88 om “conducting propaganda against the State of the Socialist Republic of Vietnam”. Sistnemnde paragraf har ei øvre strafferamme på 20 år, medan §79 i yttarste konsekvens kan verte straffa med døden. Personar som styresmaktene mistenkjer for involvering i Viet Tan, har vorte dømde til fengselsstraffar mellom anna etter desse paragrafane (HRW 2009, 2016; RFA 2012).

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysningar frå nøyte utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

Referansar

Skriftlege kjelder

- SNL, dvs. Store norske leksikon. *Vietnams historie* (sist endra 20. januar 2017). Oslo: SNL. Tilgjengeleg frå [https://snl.no/Vietnams historie](https://snl.no/Vietnams_historie) [lasta ned 21. mars 2017]

Respons Vietnam: Tidlegare båtflyktningar

- Guardian (2016, 7. oktober). Vietnam declares US-based activist group is a terrorist organization. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/world/2016/oct/07/vietnam-viet-tan-terrorists-dissent> [lasta ned 21. mars 2017]
- HRW, dvs. Human Rights Watch (2009). *World Report 2009. Vietnam*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/world-report/2009/country-chapters/vietnam> [lasta ned 21. mars 2017]
- HRW (2016, 17. oktober). *Vietnam: Reform Criminal Law to Respect Rights*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/news/2016/10/17/vietnam-reform-criminal-law-respect-rights> [lasta ned 21. mars 2017]
- Saugestad, K. (2005, 11. august). Båtflyktingene fra Vietnam. *NRK*. Tilgjengeleg frå <https://www.nrk.no/kultur/batflyktingene-fra-vietnam-1.904975> [lasta ned 21. mars 2017]
- Peel, M. (2015, 19. april). Vietnam: Profitable return. *Financial Times*. Tilgjengeleg frå <https://www.ft.com/content/94cacfd0-dc65-11e4-a6f7-00144feab7de> [lasta ned 21. mars 2017]
- RFA, dvs. Radio Free Asia (2012, 29. august). Activist's Detention Extended. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <http://www.rfa.org/english/news/vietnam/detention-08292012174952.html> [lasta ned 21. mars 2017]
- UNHCR (2000). *The State of the World's Refugees 2000*. Geneva: UNHCR. Tilgjengeleg frå <http://www.unhcr.org/cgi-bin/texis/vtx/home/opendocPDFViewer.html?docid=3ebf9bad0&query=+Flight%20+from%20+Indochina> [lasta ned 21. mars 2017]
- WorldLII, dvs. World Legal Information Institute (u.å.). *Penal Code*. Tilgjengeleg frå <http://www.worldlii.org/vn/legis/pc66/> [lasta ned 21. mars 2017]

© Landinfo 2017

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.